

God skilting på fjellet - skal bli betre.

05.04.2018



Skilt utplassert på tre ulike plassar ved Mannsvatnet syner at isen er uttrygg.

SKL og Tverrelva Kraftverk har skilt på Hauglandsfjellet og ved Mannsvatnet som syner at isen er uttrygg. Før påske vart det sendt ut åtvaring til alle som ferdast i Tverrelva Kraftverk sitt nedslagsfelt om ope vatn og uttrygg isen, særleg ved elveutløp. I Uskedalen gjeld dette særleg i nedre kant av Mannsvatnet ved Stemno og i elveløpet ned til den nye inntaksdammen.

Steinar Haugland fortel at det er skilta om uttrygg is på tre plassar. Det er sjølv sagt ved sjølve utløpet ved Stemno, ved brua over elva og på toppen av Hauglandsfjellet der mange turgåarar kjem opp skogsvegen på Haugland og skal gå over og ned til hyttene.

Hege M. W. Økland, senioringeniør i SKL og dagleg leiar i Tverrelva Kraftverk, fortel til Uskedalen.no at det skal koma betre skilting slik det er i alle regulerte område der SKL har nedslagsfelt og kraftutbygging. Det vert informasjonsskilt til alle som går i fjellet. Det vert generell informasjon om anlegget og kva ein elles må ta omsyn til ved å vera ved regulerte vatn og inntaksdammar. Kva skiltmal ein skal bruka er ikkje bestemt enno. Det vert gjort i samråd med grunneigarane.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Bilete syner elveråket mellom Mannsvatnet og den nye inntaksdammen litt lenger nede i lia.